

**Reglement  
for innkjøp  
Tokke kommune**



***Vedteke av Tokke kommunestyre 30.04.2019***

**Føremål**

Føremålet med dette reglementet er å sikre at innkjøp i Tokke kommune tener kommunen på den samla sett beste måte, og at innkjøp vert gjort i tråd med gjeldande lovverk samstundes som handlingsromet for å støtte lokalt næringsliv vert nytta.

## **Grunnleggande prinsipp for innkjøp - §4 i lov om innkjøp**

- A. Konkurransesprinsippet - innkjøp skal skje etter konkurranse i marknaden.
- B. Likehandsamingsprinsippet - det skal vere lik handsaming av alle tilbydarar
- C. Prinsippet om føreseielege innkjøp - innkjøpsprosessen og kriteria for val av beste tilbod skal vere klargjort ved oppstart av innkjøpet og pårekneleg for marknaden.
- D. Etterprøvingsprinsippet - når val av leverandør er gjort skal prosessen vere lett å etterprøve (god dokumentasjon på alle vesentlege steg i innkjøpsprosessen).
- E. Samhøveprinsippet - krava til både innkjøpsprosess og til leverandør skal vere rett avpassa til storleiken på innkjøpet.

### **1. Lovgrunnlag og rettleiarar**

- a. Lov om offentlege innkjøp LOV-2016-06-17- nr 73.
- b. Forskrift om offentlege innkjøp (FOA) FOR-2016-08-12- nr 974.
- c. Forsyningsforskriften FOR-2016-08-12- nr 975 (gjeld vassforsyning)
- d. Rettleiar til reglane om offentlege innkjøp (Nærings- og fiskeridepartementet av 24.04.18)

### **2. Hovudretningsliner**

- a. Alle innkjøp skal ha dekning i vedteke budsjett.
- b. Regelverket for offentlege innkjøp gjeld for innkjøp over kr 100 000,- (terskelverdien), men alle innkjøp skal ha kommunens beste som sikte.
- c. Den som har budsjettfullmakt har også tilsvarande innkjøpsfullmakt og ansvar for den naudsynte dokumentasjon i sak/arkivsystemet.
- d. For innkjøp over kr 100 000,- skal KGV (konkurransегjennomføringsverktøy) som hovudregel nyttast. Dette sikrar også den naudsynte dokumentasjon. Kommunalsjef kan gjere unntak frå kravet om bruk av KGV i enkelte høve.
- e. Der kommunen har rammeavtaler skal desse nyttast.  
Rådmann gjer vedtak om deltaking på rammeavtaler som femner om fleire sektorar i kommunen.  
Kommunalsjef gjer vedtak om ev. deltaking på rammeavtale som gjeld eigen etat.  
Rammeavtaler skal som hovudregel gjelde for inntil 4 år.

### 3. Terskelverdier i FOA (Forskrift om Offentlege Anskaffingar)

Terskelverdiane styrer kva for krav som gjeld til innkjøpet. Terskelverdiane justerast årleg og stend i FOA §5-3. Per 2019 gjeld desse terskelverdiane:

- a. Opp til kr 100 000,- eks.mva: Ikkje krav om skriftleg dokumentasjon av innkjøpsprosessen, men gjerast ut frå kva som tener kommunen best. Dokumentasjon i sak/arkivsystemet etter nærare vurdering.
- b. Kr 100 000,- til kr 1 300 000,- eks mva: FOA del I gjeld. Ikkje krav til utlysing, men innhenting av tilbod frå minst 3 leverandørar og rett avpassa dokumentasjon i sak/arkivsystemet på innkjøpet (innkjøpsprotokoll).
- c. Kr 1 300 000,- til kr 2 000 000,- eks.mva: FOA del II gjeld. Utlysing på Doffin eit krav. Konkurransgrunnlaget og innkjøpsprotokollen må vere meir omfattande. Dokumentasjon i sak/arkivsystemet.
- d. Kr 2 000 000,- eks.mva og over denne summen for vare og tenestekjøp: FOA del III gjeld. Krav om utlysing i heile EØS-området. For bygge- og anleggskontrakter er EØS-terskelen kr 51 000 000,- eks.mva. Dokumentasjon i sak/arkivsystemet.

### 4. Vurdering av verdien av eit innkjøp

Innkjøpar må gjere ei forsvarleg vurdering av verdien innkjøpet har, og legge dette til grunn når val av innkjøpsprosess vert gjort.

Vurderinga dokumenterast i innkjøpsprotokollen der det er krav om dette (frå kr 100 000,-).

### 5. Ymse føresegner

- a. Rammeavtaler skal vere tilgjengelege på kommunen sitt intranett
- b. For bygge- og anleggskontrakter over kr 2 mill skal tiltak mot sosial dumping vere med som krav i konkurransegrunnlaget – jf kommunestyrevedtak i sak 15/008 og vedlegg 2.
- c. Vare- og tenestekjøp under kr 100 000,- skal skje lokalt når det samla sett er mest tenleg for kommunen. Innkjøpar vurderar dette i kvart høve.
- d. Ved kjøp av varer og tenestar mellom kr 100 000,- og kr 1 300 000,- (terskelverdien med krav til utlysing), vert det forutsett at moglege lokale leverandørar bør vurderast.

Vedlegg:

1. Sjekkliste
2. Tiltak mot sosial dumping

**Sjekkliste for innkjøp Tokke kommune:**

		<b>JA</b>	<b>NEI</b>
1	Er innkjøpet godkjent av budsjettansvarleg leiar?	Gjennomfør innkjøpet i tråd med reglement.	Vent på godkjenning eller avslutt innkjøpet
2	Har kommunen rammeavtale for innkjøpet – sjå intranett?	Rammeavtale skal nyttast.	Vurder i høve til terskelverdi.
3	Er verdien av eller prisen på innkjøpet under kr 100 000,- eks.mva?	Sjekk om det finst lokal leverandør – lokal leverandør skal i så fall som hovudregel nyttast	Konferer med innkjøpskontakten for kjøp via KGV og utfylling av innkjøpsprotokoll
4	Hentar du inn tilbod frå ein eller fleire leverandørar?	Det må koma klart fram kva som skal kjøpast (kravspek), tidsfrist for levering av tilbod og kriteria for val av tilbod.	Du kan kjøpe direkte på rammeavtale eller hjå vald leverandør.
5	Er du usikker på innkjøpet?	Konferer med næraste overordna, ev innkjøpskontakt	Gjennomfør innkjøpet i tråd med reglement og FOA.

**Tiltak mot sosial dumping ved bygge- og anleggskontrakter over kr 2 mill – jf kommunestyrevedtak i sak 15/008:**

1. Arbeidet skal utførast av tilbydaren og hans tilsette i tenesteforhold, eventuelt ved underentreprenør og hans tilsette. Tilbydar skal til ei kvar tid kunne leggje fram dokumentasjon på tilsettingsforholda. Tilbydar skal dokumentere at fleirtalet av dei tilsette har fagbrev innafor sitt fagområde.
2. Avtale om underentreprise med enkeltmannsføretak eller bruk av innleigd arbeidskraft krev skifteleg grunngjeving frå entreprenøren.
3. Tilbydar pliktar å syte for at likelydande reglar om bruk av eigne tilsette, enkeltmannsføretak, innleigd arbeidskraft og krav om dokumentasjon av fagbrevinnsats i kontrakt med underentreprenørar. Arbeidskrafta skal være i samsvar med arbeidsmiljølova §14-12a og §14-13.
4. Norsk er hovudspråk på kommunens byggjeplassar, både skriftleg og munnleg. Minst ein person på kvart arbeidslag må forstå og må kunne gjera seg godt forstått på norsk.
5. Kontrakten skal ikkje tillate meir enn eit ledd i kontraktskjeden. Oppdragsgjevar kan godkjenne inntil to ledd ved god grunngjeving.
6. Tilbydar og underentreprenørar som skal delta i eit prosjekt skal vera godkjente og aktive lærlingebedrifter. Når storleiken på prosjektet tilseier det kan kommunen krevje at det skal vera lærlingar med (gjeld norske bedrifter).
7. Etter likningslova § 6-10, med tilhøyrande forskrifter, pliktar næringsdrivande som har gjeve nokon eit oppdrag på byggjeplass å gje melding til Sentralskattekontoret for utanlands saker om einkvan utanlandsk oppdragstakar eller utanlandsk arbeidstakar som utfører oppdrag på byggjeplassen.
8. Tilbydar er ansvarleg for å rapportera fortløpande om bruk av utanlandsk arbeidskraft i alle ledd i kontraktskjeden. Det inneber å leggje fram for kommunen kopi av innsendt melding for den enkelte utanlandske oppdragstakar eller utanlandske arbeidstakar.
9. Løn og anna godtgjersle for samtlege arbeidstakarar skal utbetalast til konto i ein norsk bank.
10. Tilbydar skal dokumentere at han har gyldig yrkesskedeforsikring for alle tilsette, og gje kommunen rett til å kontrollera opplysningane.

11. Kommunen skal kunne krevje dagsbøter av tilbydaren viss han sjølv eller nokon av hans underentreprenørar nyttar arbeidskraft i strid mot desse tiltak mot sosial dumping, og dette ikkje er retta innan ein frist gjeven ved skriftleg varsel frå byggherren. Bøtene skal gjelde frå utløp av frist til forholdet er retta. Dagsbota skal utgjera ein promille av kontraktssummen, men ikkje mindre enn kr. 1000.- pr. kvardag.

12. Tilbydar skal syte for at tilsette i eigen organisasjon og tilsette hjå eventuelle underentreprenørar ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som fylgjer av landsomfattande tariffavtale, eller det som elles er normalt for vedkommande stad og yrke, jfr. § 5 i forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

Tilbydar skal på oppmoding kunne leggje fram dokumentasjon på løns- og arbeidsvilkåra til dei tilsette.

Alle avtaler tilbydar inngår og som inneber utføring av arbeid under kontrakten, skal innehalde tilsvarande dokumentasjon.

13. Leverandør/tilbydar skal stadfeste på eigenfråsegn at ILO-konvensjon nr.94 blir fylgt.

14. Ved brot på desse tiltak mot sosial dumping, og entreprenør ikkje har retta feilen innan utløp av frist, kan kommunen også velje å heve avtala.